ALVER
KOMMUNE

Kari Sundal
Sandvikslien 25
5037 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Hanne Marie Evensen | 28.09.2021 |
| Vår: 21/4055 - 21/64404 | hanne.marie.evensen@alver.kommune.no | |

# Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 355/20 Skjelanger

| | |
| --- | --- |
| Tiltak: | Endring av bygg - utvendig -Tilbygg |
| Byggjestad: | Gbnr: 355/20 |
| Tiltakshavar: | Kari Sundal |
| Ansvarleg søkjar: | Sivilingeniør Atle Sundal |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.04.2021.

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kommunen vurderer at det er søkt om tilbygg, fasadeendring og houvdombygging. Hovudombygging utløyser TEK17 krav til heile fritidsbustaden, også eksisterande. Vi ber om at det blir sendt inn prosjekteringsgrunnlag for eksisterande fritidsbustad. Dersom ein ynskjer å søkje om fritak frå tekniske krav, må det framgå av søknaden og dei einskilde krav det søkjast fritak frå må spesifiserast og begrunnast.

2. Oppføring av nytt våtrom er søknadspliktig etter pbl § 20-1 a) med krav om bruk av ansvarleg føretak. Det må sendeast inn ansvarserklæring og oppdatert gjennomføringsplan der røyleggjar er inkludert.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 19.10.2021.. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Hanne Marie Evensen<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kari Sundal | Sandvikslien 25 | 5037 | BERGEN |
| Sivilingeniør Atle Sundal | Kanalveien 52C | 5068 | BERGEN |